

## Styremøte 23.01.24

Møte vart halde på Teams.

Deltakarar: Lars Petter, Jomar, Marit, Ingolf, Sigurd og Judith.

### Sak 1: Padleplan for 2024

Det er sett opp plan for turar kommande sesong. Denne inneheld både torsdagsturar og helgeturar. Torsdagsturane blir publiserte på nettsida til klubben. Søndagsturar/helgeturar blir ikkje publisert på førehand, her må vi sjå an ver m.m. før publisering.

Marit tek ein spørjerunde for å få på plass turleiarar på alle turane.

Vi diskuterte også opplegg for padling frå naustet på torsdagar utan turar på planen. Forslag om å dele i ulike grupper: trening på teknikk, evt bruke det som ei treningsøkt. Tilbod spesielt for dei som ikkje er så erfarne og ikkje ønskjer å reise på lengre turar. Fastsett tidsbruk, t.d. 18 - 20.

### Sak 2: Planlegging av årsmøte

Tek sikte på å ha årsmøte 5. (evt. 6.) mars på Førde pensjonat. Marit sjekkar dato med Anne Lise Årdal. Når datoen er avklart, må det sendast ut e-post med informasjon til alle medlemmene.

Neste styremøte tysdag 27.februar.

- **Årsmelding:** det må skrivast årsmelding for dei ulike gruppene.
- **Valkomiteen:** finne kandidatar til verva som er på val. Jomar sjekkar status med valkommiteen.
- **Budsjett/rekneskap:** gjennomgang av budsjett og rekneskap for 2023.  
Kommentarar:
  - Låg sum på privat utleige av kajakkar.
  - Tilskot: etterslep på investeringar frå 2022, dvs ikkje ein heilt reell sum

#### Budsjett for 2024:

Marit ønskjer innspel. Ho sender utkast til styre når det er klart. Set opp endeleg forslag på neste styremøte.

Kurs: prøve å avklare datoar i god tid

- 25. - 26. mai: grunnkurs, Høyanger
- teknikk-kurs: til hausten
- aktivitetsleiarkurs
- livredningskurs for instruørar (årleg)

Innkjøp: ikkje utgifter til utstyr i 2023. Bør skifte ut både utstyr og kajakkar fortløpande.

- Forslag 2024: spruttrekk, 1 kajakk, 2 surfski.
- lys utvendig ved naustet